

Arbeidshelsekontrollar i Sogn og Fjordane Fylkeskommune

TILRÅDINGAR FRÅ STAMINA HELSE

Oppdragsgjevar

Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Arvid Stenehjem

Distribuert til

Arvid Stenehjem

Gjennomført av

Bodil Ryste, HMS-rådgjevar/bedriftsfysioterapeut

Kvalitetssikra av:

Evi Ollikainen, HMS-rådgjevar/verneingeniør og Anne Sigrid Harjo, HMS-rådgjevar/yrkeshygienikar

Dato for gjennomføring: 27.-30. juni 2016

Oversendt kunde: 30. juni 2016

ARBEIDSHELSEKONTROLLAR I SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE, TILRÅDINGAR FRÅ STAMINA HELSE

Stamina har fått i oppdrag å gje ei grunngjeving for gjennomføring av arbeidshelseundersøkjingar i Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Dette dokumentet saman med vedlagt excel-skjema gir ei oversikt over tidlegare gjennomførte helsekontrollar, gjennomførte risikovurderingar med relevans til vurdering av arbeidshelseundersøkjingar og Stamina sine tilrådingar for vidare arbeid.

Om lovpålagt arbeidshelseundersøkjing

Helsekontroll arbeidshelse er ei arbeidshelseundersøkjing for alle tilsette som vert utsett for faktorar som kan gje helseskade. Innhaldet i ein helsekontroll er alltid samtale, utfylling av skjema, måling av blodtrykk, og øvrige prøvar vil vere tilpassa eksponering (til dømes hørsel, lungefunksjon). Hensikta med ein arbeidshelsekontroll er å avdekke helseplage eller sjukdom som følgje av arbeidsmiljøet. Krav til helseovervaking er heimla i [forskrift om organisering, leing og medverknad § 14-1](#) i Desse krava vert ytterlegare forklart i forskrift om utføring av arbeid, i følgjande relevante paragrafar:

Kjemikalier § 3-20: Arbeidsgiver skal sørge for at arbeidstaker gjennomgår egnet helseundersøkelse hvis arbeidstaker kan utsettes for farlige kjemikalier på en slik måte at det kan forårsake helseskade.

Asbest § 4-13: Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere som kan bli eksponert eller har vært eksponert for støv med asbestfiber i arbeid for arbeidsgiveren, gjennomgår egnet helseundersøkelse av lunger og luftveier.

Biologiske faktorar § 6-11: Dersom risikovurderingen viser at arbeidstaker kan bli eksponert for helsefarlige biologiske faktorer på en slik måte at det er nødvendig med mer enn vanlige hygieniske vernetiltak, skal arbeidstaker ha egnet helseundersøkelse.

Støy § 14-11: Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere får tilbud om egnet helseundersøkelse med hørselskontroll, når risikovurderingen viser at det foreligger helserisiko. Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere som utsettes for støy som overskrider $L_{EX,8h} = 80$ dB eller $L_{pC,peak} = 130$ dB gjennomgår helseundersøkelse som omfatter hørselskontroll.

Mekaniske vibrasjonar § 14-12: Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere får tilbud om egnet helseundersøkelse hvis de utsettes for vibrasjoner som overskrider tiltaksverdiene for vibrasjoner, eller eksponeringen gir grunn til mistanke om at helseskade kan oppstå ved lavere eksponeringsnivå.

Stråling § 15-4 og 16-6: Arbeidsgjevar skal sjå til at all stråleeksponering blir holdt så låg som mogleg. For eksponering av ioniserande stråling, t.d. røntgenstråling, skal arbeidstakarar ha helseundersøkelse kvart 3. år om dei vert utsett for dose på meir enn 6 mSV i løpet av 12 månader eller ein ekvivalent dose på meir enn 3/10 av dosegrensa gitt i forskrift om tiltaks- og grenseverdiar. Ved eksponering for kunstig optisk stråling, t.d. UV-lys, skal arbeidstakarar få tilbod om helseundersøkelse om bl.a. risikovurdering viser at det foreligger helserisiko.

Vått arbeid: Angående vått arbeid er det førebels ikkje noko eiga forskrift om omtaler dette, men på Arbeidstilsynet sine nettsider vert [vått arbeid omtalt](#), og korleis bedriftshelsetenesta skal vere med og følge dette opp. Vått arbeid er ikkje uvanleg hos mange bransjar som er pålagt tilknytta bedriftshelseteneste, og helsekontroll er ein naturleg stad å ta dette opp med kvar einskild, då det kan vere utfordrande å nå over alle på ein god måte med undersøking og spørsmål og deira vanar som berører vått arbeid og ivaretaking av huden. Då kan ein identifisere risikomoment, vanar som medfører meir vått arbeid, informasjon til tilsette og oppdaging av arbeidsrelatert eksem og gje råd om tiltak.

Risikovurdering

For å vurdere om det føreligg slike eksponeringar i arbeidsmiljøet, stiller forskrift om organisering, leiing og medverknad eit gjennomgåande krav til kartlegging og risikovurdering i [§ 7-1](#). Stamina jobbar systematisk med einingane i fylkeskommunen, og bistår med risikovurderingar.

Under fyl ei oppsummering av dei kartleggingar som er gjort med relevans til vurdering av arbeidshelseundersøkingar, og kva tilrådingar vi gir for vidare arbeid:

Reinhold

Det er gjort to risikovurderingar av reinholdspersonell sine eksponeringar knytt til vått arbeid og bruk av spray (Eid vgs og Flora vgs). I begge vurderingane konkluderer Stamina med at det er tilrådeleg med helsekontroll med kontroll av lungefunksjon og hudstatus. Arbeidsmetodar og utstyr brukt på dei ulike lokasjonane varierer, men alle har tidlegare hatt vått arbeid og større bruk av spray enn i dag, sjølv om nokre i dag har vesentleg betra tilhøve. På bakgrunn av dette vert det generelt vurdert å tilrå gjennomføring av helsekontroll for og identifisere personar som eventuelt bør følgjast opp vidare slik at ein kan overvake eventuell negativ utvikling. Gjennom risikovurderingar bør ein identifisere behov for tiltak på lokasjon, og denne samt einingane si oppfølging av resultatata bør avgjere om ein skal fortsette med helsekontroll.

Tilråding:

- Stamina vurderer at reinholdaren sitt fysiske arbeidsmiljø samsvarar i stor grad på dei ulike einingane når det kjem til eksponering for vått arbeid og spray, og finn difor grunnlag for å tilrå arbeidshelsekontrollar for reinholdarar i 2016.
- Nye risikovurderingar bør gjerast seinast i 2018 for å avdekke eventuelle endringar i arbeidsmiljøet og avklare behov for vidare helsekontroll for heile gruppa

Kantine

Utført kartlegging ved kantine på Måløy vgs. Tilrådd arbeidshelseundersøking med bakgrunn i eksponering for steikeos, som kan vere kreftframkallande. Tilsette i kantine kan ha ulike kjemikaliar, det verste er oftast omnsrens som er etsande, både ift hudkontakt og innanding. Her er også truleg ein delførekost av vått arbeid. Kantine-/kjøkkenarbeid vil nok variere ein del ut frå korleis kantina er plassert/bygd med tanke på ventilasjon/avsug.

Tilråding:

- Følgje opp helsekontroll frå 2013 i 2016 for å avdekke om det er personar som skal følgjast opp vidare
- Gjennomføre kartlegging/risikovurdering for dei ulike kantinene innan 2018 for å avdekke eventuelle endringar og avklare behov for vidare helsekontroll for heile gruppa

Lærarar

Det er gjort kartlegging/risikovurdering av eksponering for støy, støv og kjemikalier for tilsette på yrkesfaglege studieretningar (fortrinnsvis TIP og bygg/anlegg ved Eid, Stryn, Dale og Flora vgs). I desse vurderingane er det konkludert med at det er tilrådd med arbeidshelsekontroll.

Når det gjeld eksponering for støv, kan ein ikkje fastslå at eksponeringa vil vere samsvarande for alle skulane. Eksponering kan variere med tanke på reinhaldsrutinar og –metodar (t.d. bruk av avsug og støvsugar), og der det ikkje er gjort risikovurdering kan ikkje Stamina uttale seg nøyaktiv om tilhøva. Der det ikkje er gjort spesifikke risikoreduserande tiltak knytt til støv og reinhaldsrutinar/-metodar, vil dette vere ein faktor som vil kunne påverke arbeidshelsa.

Når det gjeld lærarar og eksponering for støy, er det funne at maskinene som er i bruk har generelt høgt støynivå (frå 90 dB og oppover). Vi finn det naturleg å tru at det er like støytilløve for fleire med tanke på nødvendig maskinpark.

Også andre lærarar kan ha eksponeringar i arbeidsmiljøet som tilseier at det er tilrådeleg med helsekontroll. Dette vil til dømes gjelde lærarar ved frisørline (Høyanger vgs). Når det gjeld lærarar som jobbar med kjemilab/naturfag, vert det i 2016 jobba med risikovurderingar i samarbeid med Årdal vgs og Mo og Øyrane vgs. Her er det førebels ikkje gjort konklusjonar.

Tilråding per 30.6.16:

- Regelmessig arbeidshelsekontroll for lærarar på TIP og bygg/anlegg
- Risikovurdering kjemi lærarar ved frisørline Høyanger vgs

Tannhelse

Det er gjort støymåling på Flora tannklinikk, der det vart tilrådd å følge opp helsa til tilsette og gjere blodtryksmåling. Det er gjort ei vurdering av bruken av nokre få kjemikalier ved Førde tannklinikk, utan at det er vurdert spesifikk opp mot behov for helsekontrollar. Dette bør gjerast som ei total risikovurdering av kjemikalier i tannhelsetenesta. Tannpleiarar og tannlegar nyttar for øvrig mykje hanskar, så risikovurdering av kjemikalier bør omfatte vurdering av vått arbeid. Det er mogleg helsekontroll bør gjerast på grunnlag av vått arbeid.

Tilråding:

- Gjennomføre risikovurdering kjemisk arbeidsmiljø og vått arbeid for fleire tannklinikkar før ein trekkjer konklusjonar om det er behov for helsekontrollar.

Driftspersonell

Når det gjeld øvrige einingar, var driftspersonell inne til helsekontrollar på «sine» einingar i 2013. Her har det vore omorganisering, slik at dei ikkje lenger er organisert under kvar eining. I samarbeid med fylkeskommunen, må vi her sjå på kartleggingar og vurderingar de sjølve har gjort knytt til eksponeringar i arbeidsmiljøet, og om det er behov for bistand frå Stamina for å vurdere eksponeringar og behov for arbeidshelsekontroll. Fagleg grunngeving knytt til helsekontrollar, vil i utgangspunktet vere at ut frå dei funna som er gjort hos lærarar på yrkesfag og erfaring frå bransjen med eksponering for støy, støv, kjemikalier og biologiske faktorar, vil det etter all sannsynlegheit vere tilrådeleg at driftspersonell skal tilbydast lovpålagte, regelmessige arbeidshelsekontrollar.

Tilråding:

- Gjennomføre systematisk arbeidshelsekontroll for driftspersonell i Sogn og Fjordane Fylkeskommune.
- Gjennomføre risikovurdering av arbeidstilhøva.

Frekvens på helsekontrollar

Det er risikovurdering og legen si tilråding som avgjer frekvens på helsekontrollane. Normalt sett vert ei rullering på kvart tredje år utført, for å kunne seie noko om utvikling over tid. Etter legen si vurdering vert einskilde fulgt opp oftare, og nokre yrkesgrupper får tilrådingar om hyppigare helsekontrollar. Ut frå dette vil Stamina tilrå frekvens på kvart tredje år, men at lege kan tilrå andre intervallar etter ei vurdering.

Med venleg helsing

Stamina Group AS



Bodil Ryste

HMS-rådgjevar/bedriftsfysioterapeut

Arbeidet er kvalitetssikra av Evi Ollikainen og Anne Sigrid Harjo, Stamina Helse AS